

Vedlegg 6 Innbyggjarundersøkinga i Fjaler 2017

For å vere i stand til å lage ein helsestrategi som tar inn over seg at ei stor utfordring framover er korleis vi skal ta vare på dei eldre, og at dei eldre sjølve bør vere med å utarbeide strategien, utførde vi ei anonymisert spørjeundersøking for alle innbyggjarar i Fjaler kommune over 60 år, samt eksisterande brukarar av omsorgstenesta som er over 16 år.

Spørjeundersøkinga vart utarbeida av eit team som besto av prosjektleiar helsestrategiarbeid, folkehelsekoordinator, ergoterapeut, leiar av koordinerande eining i kommunen og ein tilsett som har erfaring frå ulike stader i tenesta og med andre undersøkingar. Eldrerådet og råd for personar med fysisk funksjonsnedsettingar fekk kome med innspel til skjemaet.

Namn og adresse på alle over 60 år i kommunen vart innhenta ved å søkje folkeregisteret. Søknaden vart innvilga. Brev til samtlege personar vart sendt per post. I konvolutten låg informasjonsskriv, spørjeundersøkinga , returkonvolutt og ein lappe som ein kunne levere dersom ein ynskja å vere med på ein trekning av 3 gåvekort på Dale senter. Eksisterande brukarar vart kontakta via tenesteapparatet med brev.

Annonsering av undersøkinga vart gjort på kommunen sine heimesider, facebook, med følgebladet Fjaler.no i Firda, i bygdeavisa. I tillegg vart det informert om undersøkinga til pensjonistlaget og til alle tilsette i omsorgstenesta.

Resultat innbyggerundersøking

Det var totalt 882 personar som fekk tilsendt spørjeskjemaet. Av desse var 48 personar under 60 år (altså eksisterande brukarar mellom 18 og 60 år); 9 av desse svara på skjemaet (19%). Det var totalt 366 personar over 60 som svara på undersøkinga (responsrate 44%). Den totale responsraten var $375/882=43\%$. Om lag halvparten av desse var kvinner og halvparten menn og dei som svara hadde busetnad som reflekterer den totale busetnaden i Fjaler (ca. 50% i Dale og 50% utanfor). Alle grendene var representert. Gjennomsnittsalder på dei som svara var 72 år.

Det store fleirtalet på dei som svara ynskjer å bu heime så lenge dei kan. Ca.60% bur med ektefelle, noko som kan tenkast å bety at dei med ektefelle er noko overrepresentert i vår undersøking (ektefeller påverkar kvarandre til å svare). Ca $\frac{1}{4}$ av respondentane bur aleine. Om lag 5/6 har slekt/pårørende i sogn og fjordane; halvparten i same grend.

Over halvparten av respondentane kan tenke seg å flytte til omsorgsbustad dersom dei ikkje lengre kan bu heime, og for dei fleste av desse er det viktig kor desse er lokalisert. 50% av dei som svarde på dette aktuelle spørsmålet kan tenke seg å kjøpe eigna leilegheit i Dale.

Når vi spurde om kva som skal til for at pesonane skal kunne klare seg sjølv vedrørande helse så vart følgande hovudpunkt nevnt: heimesjukepleie/heimehjelp/miljøtenester, god og nær

tilgang til helsetenester, tryggleiksalarm, opptrening og tilrettelegging teneste og bustad (Ordsky 2). Når de gjeld aktivitetar svarar dei blant anna gå tur, trening, dans og symjing (Ordsky 3). I høve andre viktige ting for å kunne bu heime lenge så svarar dei eldre at det er viktig med brøyting/vegvedlikehold, transport (spesielt i Ytre) og praktisk hjelp til reingjering eller husvedlikehold. (Ordsky 4)

Vi var og interessert i å kartlegge kor mobile folk over 60 år er. Av dei som svarde var det om lag 1/5 som ikkje kunne gå meir enn 100m. Det store fleirtalet kunne gå over 5 km. Det sprikar derfor kor mykje folk klarar å komme seg rundt på eiga hand. Dette vil sjølv sagt medføre forskjeller i tenestebbehov.

«Topp hits» for meiningsfull kvardag basert på bustadsbehov, aktivitetsbehov og nettverksbehov er gitt på side 14-16. For bustad så svarar heile 60 personar at det å ha eigen bustad er viktig. Mange svarar også at det er viktig med tilrettelegging av bustad, og det er viktig å vere mest mogleg sjølvhjelpt. Meiningsfulle aktivitetar som kjem høgt på lista er å gå tur og å trimme/trene. Mange svarar også dans og utearbeid (ordsky 4). På spørsmål om spesielle hindringar i framtida vart dette med sertifikat/transport nevnt. Det same vart brøyting og reinhald.

Det er svært få respondentar som har svart at dei ikkje har det bra (mindre enn 5%). Det er likevel opp til 10% som kjenner seg einsame i kvardagen. Dette er noko vi bør ta hensyn til i det vidare strategiarbeidet.

Vi kartla vidare kva aktivitetar respondentane visste om, kva dei deltok på eller kunne tenke seg å bruke og om dei kunne tenke seg å bidra som ressursar inn mot spesifikke aktivitetar (oppsummert s. 21 og utover). Dei aktivitetane flest ynskja var gå fellesturar, treningsgruppe, sosial møtestad på heimstaden, dans og handlehjelp. Det folk kunne tenke seg å bida med var å gå tur med andre, transportsjølvtjelpt og besøksven. Det varierte kor mykje dei ulike respondentane visste om tiltak og aktivitetar rundt om i Fjaler.

Alle som fekk spørjeskjemaet vart bedne om å skrive eit klokkeskjema der dei noterte korleis ein vanleg døgnrytme er. Desse skjemaene er ikkje analyserte i detalj endå, men vil kunne vere viktige underlag når ein legg opp tenesta i høve måltider, leggetid og aktiviter.

Til oppsummering så tar vi med oss fleire av funna inn i helsestrategiarbeidet. Dei absolutt fleste ynskjer å bu heime så lenge som mogleg og over halvparten kan tenke seg å flytte til omsorgsbustad når dei ikkje lengre kan bu heime. Men det er viktig kor desse bustadane blir lokaliserte. Det kan vere aktuelt for mange å kjøpe eigna leilegheiter. Det bør vere fokus å fremje meir like tenester i heile kommunen, og meir aktivitet utanfor sentrum. Kommunen må ikkje her vere regissør for desse aktivitetane og tiltaka, men kan med hell vere med å tilrettelegge og å initiere eller organisere oppstart. Rolla til kommunen som koordinator og tilretteleggar kan med fordel styrkast.

Informasjonsbrevet som vart sendt ut:

Informasjon om spørjeundersøking

Vi skal lage ein heilt ny helsestrategi i Fjaler. For å få vite om framtidige behov for helsetenester og aktivitetar sender vi no ut eit spørjeskjema som går til følgjande grupper i kommunen:

- 1) Alle som er født i 1957 og før (frå 60 år)
- 2) Alle som brukar omsorgstenester i dag over 16 år

Undersøkinga vil vere anonym. Dette vil seie at ingen veit kven som har svara kva, og vi kan ikkje spore den tilbake til deg. Vi håpar at du kan svare innan 31.03.2017.

Det er viktig at vi får fram alle si meining i undersøkinga. Dersom du treng hjelp så håpar vi at ein slektning, ein nabo eller ven, eller nokon i omsorgstenesta kan hjelpe deg å fylle ut skjemaet. **Nokre spørsmål er ikkje like relevante for alle, men prøv å svare så godt du kan.** Du kan hoppe over punkt som du ikkje ynskjer å svare på. Når du har svara på spørsmåla kan du putte den i den frankerte konvolutten, og sende med posten.

Som motivasjon til å delta så loddar vi ut 5 gåvekort a kr 500 kr på Dale senter. For å vere med i utlodninga må du fylle ut det vedlagte gule «kortet» og sende med posten eller levere til Sørviskontoret (eigen boks). Du treng ikkje konvolutt og frimerke. (Ikke putt det i same konvolutt som undersøkinga fordi den skal vere anonym).

Utlodninga skjer 30.04.17.

Dersom du har spørsmål, så kontakt gjerne prosjektleiar for helsestrategiarbeidet Anette Wolff (tlf 91623378) .

På førehand takk for at du tok deg tid til å hjelpe oss!

Resultat svar på innbyggerundersøkinga


Svarprosent:



Totalt antal som svarta: 375

→ Deltaking 43%


Alder på respondentane:




13 mangla alder

Gjennomsnittsalder er 72,1 år

Aldersfordeling



Kor bur respondentane?




Total = 371

Korleis bur respondentane?




Totalt = 394

Kor bur familie og nærmaste pårørende?



Totalt = 375

Ynskjer du å bu heime så lenge du kan?



T o t a l = 3 7 5


Kvifor svara du ja/nei/veit ikkje over?	
Tema	Tal på kor mange som svarde dette
Helse	27
Bu heime lengst mogleg	22
Sjølvhjelpt	20
Trivsel	13
Tilrettelagd bustad	11
Sentralt	4
Eiga grend	4
Fridom	3
Dårleg inntrykk av aldersbustad	3

Andre svar (1-2 svar): nærliek familie/tenester, nabobar, treng hjelp, brøyting, transport, kjenner folk her, gard, tilsyn, vil flytte, einsemd

Ordsky basert på svara frå «kvifor vil du/vil du ikkje bu heime så lenge du kan? Svara her var veldig like svara på «kvifor vil du/vil du ikkje eventuelt flytte i omsorgsbustad (Ordsky 1)?




Kan du tenke deg å flytte til omsorgsbustad no eller i framtida



Total = 375

Er det viktig for deg at ein omsorgsbustad er knytt til din noverande bustad?



Total = 375


Dette er årsaken til svara:

- bur i Dale og har tilpassa bustad, så NEI
- NEI, har ikkje kapital/det er for dyrt
- om eg ikkje har helse til å bude her er bur så kan det bli aktuelt
- har ikkje slekt her, så flyttar gjerne til Dale
- NEI, trivst ikkje i Dale
- NEI, kun desentralisert leilegheit kan vere aktuelt
- ja, viss eg får solgt huset
- Ikke kjøpe, men kan leige
- bedre å kjøpe nytt enn å leige dei gamle, ekle omsorgsbustadane

Av dei som svara som bur i Dale i dag var det 70% som sa ja og 30% som sa nei.

Av dei som but utanfor Dale var det 76% som sa ja og 24% som sa nei.

Kan dett vere aktuelt for deg å kjøpe eigna leilegheit i dale?



Kommentar til svar:

- dersom det er ein brukande stad
- har ikkje råd/spørst på pris
- bur allereie i tilpassa hus/leilegheit
- bur allereie i Dale
- nærleik til tenester/butikk etc
- dersom eg ikkje kan køyre bil
- dersom eg blir aleine
- om eg treng meir hjelp
- ja, dersom i Ytre strøk!
- vil hellre leige
- om eg får solgt huset mitt...

Total = 375

Kva må til for at du skal klare deg sjølv? Helsetilbod

heimesjukepleie, heimehjelp, miljøtenester	51
god tilgang til tenester	25
lege nært/god tilgang	27
Tryggleiksalarm	9
Fysioterapi/ergoterapi/opptrenings	9
Nærleik/tilgang tannlege	9
Tilgang tannlege	7
tilrettelegging heime	6
få hjelp når eg treng det	6
god akuttberedskap	6
følge til tenester	3
tilsyn	5
godt tilbod i høve framtidig funksjonsnivå	5
regelmessig ktrl av helseetilstand	5
trim	3
mat	2
dagtildob	1

Kva må til for at du skal klare deg sjølv vedrørende helsetilbod? (Ordsky 2)



Kva må til for at du skal klare deg sjølv. Aktivitetar

Aktivitet	Tal
gå tur, vår flotte natur	19
trim trening	19
dans	6
symjing	6
kafe	5
transport til og frå aktivitetar!!	5
kultur	4
samllingsstader	4
tilrettelagde aktivitetar	4
treningssenter	3
Tilbod i Ytre	3
Dagsenter sjukeheimen	2
handle	2
kor	2
strikkekafe	2

I tillegg kom dette opp: besøk, besøksteneste, bibliotek, fysioterapi, grendalag, opptrening, husarbeid, kino, konsert, køyre bil, musikk, pensionisttreff, reise, sykle, synge, yoga, tryggleksalarm

Kva må til for at du skal klare deg sjølv? Aktivitetar. Ordsky 3.



Kva må til for at du skal klare deg sjølv; andre ting


Transport i Ytre (evt taxi). Mangel på sertifikat	9
Brøyting og vegvedlikehold	7
praktisk hjelp (kommunal vaktmeister?)	5
Nettverk	4
Handling	3
Felleskap	3
familie og vener	3
Hjelp	2
Tryggleiksalarm	2
familie og vener	2
Matombringning	2
Akuttberedskap	2
Tryggleik	2
Besøksvener	2
lensmann i dale	1

I tillegg vart desse temaene nevnt: tilpassa tilbod, trygg og god omsorg, nært til tenestar og tilbod, vask, hjelp til diverse, jobb, skule, kyrkje, barnehage



Kva må til for at du skal klare deg sjølv av andre ting? (Ordsky 4)




diagnose




Kva tenester har du i dag?



Evna til å bevege seg



e v n a å b e v e g e s e g 2



Meiningsfull kvardag.Bustad

Eigen bustad	60
Tilrettelagt bustad	11
vere sjølvhjelpt	6
heimehjelp	5
husarbeid/ryddig	4
reingjering	4
hage	4
vedlikehold	2

Dette vart også nevnt minst 1 gang: omsorgsbustad, plass til gjestar, bufelleskap, personale, tryggleik, matlaging

Meiningsfull kvardag Aktivitetar

gå tur	42
trim/trening	15
Dans	10
utearbeid (med hage)	9
Reise	7
handarbeid (med strikking)	7
Lese	7
Fiske	6
kor og musikk	6
sosiale aktivitetar	5
TV	5
Arbeid	5
Fjelltur	5
Bading	4
Vedlikehold av hus og heim	4
kultur og konsertar	3
butikk og handliling	2
handarbeid treskjering	2
Gårdsarbeid	2
Kafe	2
Båt	2

I tillegg vart dette nevnt: gå tur med hund, sykle, camping, klatring, PC, husarbeid, bil, treskjering, dagsenter og kryssord.

Meiningsfull kvardag. Aktivitetar. Ordsky 5



For opne spørsmål under kategorien «meiningsfull kvardag» blir det her angitt svar utan å ta omsyn til kor mange som svarde kva. Svara er ganske like som svara under Kva skal til for at du skal klare deg sjølv». Svar blir presentert punktvis.

Meiningsfull kvardag. Tenester

- Alarm
 - Nærleik til helsetenester
 - Ok når ein har sertifikat
 - Å få hjelp etter behov
 - Husmorvikar viss sjukdom
 - Butikk, bibliotek, frisør,...
 - Lege, tannlege, ambulanse
 - Gode og trygge omsorgtenester
 - Tilsynsbesøk
 - Hjelp til vask

Meiningsfull kvardag sosialt

- Snakke med venner
 - Sosialt samvær, gjerne med aktivitet
 - Ein stad der einslege kan møtast
 - Fellesturar med buss/tur i mark, møter
 - Kafe

- Familie
- Tilrettelagde trivselstiltak
- Kome seg ut
- Naboar
- Trygt nærmiljø
- Internett
- Dyktig personale i omsorgstenesta

Meiningsfull kvardag Nettverk

- Snakke med vener
- Sosialt samvær, gjerne med aktivitet
- Ein stad der einslege kan møtast
- Fellesturar med buss/tur i mark, møter
- Kafe
- Familie
- Tilrettelagde trivselstiltak
- Kome seg ut
- Naboar
- Trygt nærmiljø
- Internett
- Dyktig personale i omsorgstenesta

Meiningsfull kvardag Anna


- Sertifikat er viktig
- Brøyting
- Sleppe dødstankar
- Lese bøker
- Båt/sjø
- Er tilflyttar. Utfordrande
- Ikkje med i «A-gjengen» i Dale
- Reise
- Gå tur
- Jobbe
- Godt utbygt helsevesen

Spesielle hindringar no el i framtida

- Ikkje sertifikat. Transport?
- Brøyting
- Reinhald og vedlikehold
- Manglande gangveg
- Psykisk form
- Meir stillesitting og manglande aktivitetar


Sinnstemning

M o t l a u s




T o t a l = 3 7 5

G l a d / o p t i m i s t i s k




T o t a l = 3 7 5

T r y g g o g r o l e g




T o t a l = 3 7 5

U t r y g g




T o t a l = 3 7 5

A n g s t




T o t a l = 3 7 5

N e r v ö s o g u r o l e g



T o t a l = 3 7 5

Er einsemdu ei utfordring for deg?




T o t a l = 3 7 5


Kva kan gjerast for å motverke einsemdu

- Vener
- Aktivitet
- Tv
- Frisk luft
- Møtestader
- Er vand til å vere aleine
- Aleine er ikkje det same som å vere einsam
- Telefon
- Støttekontakt
- Utan sertifikat er det vanskeleg
- Besøk/invitere andre
- Reise
- bibliotek

Kartlegging: bruk av teknologi



Bruk av internett



Er du interessert no el i framtida å delta på...

	Tal	Prosent
Gå tur med andre	178	47
Lokal sosial møtestad på din heimstad	137	37
Sosial møtestad i Dale	122	33
Treningsgruppe	119	32
Aktivetesven el besøksven	106	28
Dans	102	27
Handlehjelp	101	27
Føløge til helsetilbod	96	26
Nokon å ete med?	64	17
Musikkterapi	53	14
Seniorsurf	42	11

Kan du tenke deg å bidra som ressurs til andre...

	Antal	Prosent
Gå tur med andre i same lokalmiljø/situasjon	147	39
Å hjelpe andre å handle	86	23
Transporthjelp	83	22
A vere aktivitetsven/besøksven	78	21
Handverk og tradisjon	50	13
Organisere lokal møtestad på dagtid	40	11
FjalerFrende	36	10
norsk trenar på språkkafe	31	8
Har du hus/hytte/anna å låne vekk	24	6
snakkar du fleire språk og vil bidra	22	6
Kunst og kultur	21	6
Kan du holde kurs, td mat	15	4
Organisere bingo	12	3

Kjenner du til følgande?

	Tal	Prosent
Tunkafe	264	70
Bibliotek	257	69
Revmatikarlaget	244	65
Fjaler kino	243	65
seniordans	236	63
kor, korps, spelemannslag	206	55
Sogelaget	187	50
Kyrkjeaktivitetar	182	49
Gruppetrening for eldre	169	45
Transportstøtte	167	45
Serviceskyss	154	41
Bygdekvinnelaget	151	40
Riskkonsertane	140	37
Rehabtilbod	136	36
FyssVass	136	36
Språkkafe	129	34
Seniorsurf	122	33
aktiv på dagsid	115	31
Senioruniversitetet	102	27
Diskotek på Vevang	97	26
kulturskule for vaksne	71	19
fotballtrening m UWC	53	14

Korleis har du fått vite om tilboda?

Media, andre folk, Fjaler.no, kyrkjebladet, heimsider, facebook